

# Forvaltning av Lye forsamlingsstyre sine midler ved avvikling av Lye forsamlingsstyre

## Bakgrunn for saka

Ved avvikling av Lye forsamlingsstyre, er det opp til årsmøtet å vedta korleis midla skal brukast vidare, jamfør Instruks for Lye forsamlingsstyre punkt 12:

*Dersom tilsetjingsforholda avsluttast, og det er udisponerte midlar etter at alle forplikingar er dekkja, skal desse stå på konto fram til det neste ordinære årsmøtet. Forsamlingsstyret innstiller overfor årsmøtet på korleis midla skal disponerast, og årsmøtet vedtar endeleg korleis midla skal brukast.*

Formålet med gjevartenesta har vore barne- og ungdomsarbeid, og pengane bør nyttast til nettopp dette. Det er over eit år sidan Lye forsamlingsstyre hadde løna medarbeidarar i barne- eller ungdomsarbeidet, difor står det ein god del pengar på Lye forsamlingsstyre sine bankkonti.

Etter mange rundar med drøfting av ulike modellar, har Lye forsamlingsstyre kome fram til ein modell som her blir presentert for årsmøtet.

## **Midla vert fordelte, og Lye forsamlingsstyre sine konti avslutta. Kvar gjevar får uttala seg om fordeling.**

Midla er øyremerka barne- og ungdomsarbeid. Det som står på Lye forsamlingsstyre sine konti er omtrent det som er gitt frå og med 1.1.2016, difor kan den enkelte gjevar som har gitt fast til Lye forsamlingsstyre frå og med 1.1.2016 få uttala seg om kor dei vil at sin prosentdel av midla skal gå.

Anten

- Lye distriktsutval v/Time sokneråd

eller

- INN-kyrkja

Dei midla som etter denne modellen ikkje blir fordelt/svara for innan ein gitt frist, blir øyremerka barne- og ungdomsarbeidet på Lye ved Lye distriktsutval, Time sokneråd. Lye distriktsutval har konkrete planar om å lyse ut og løne stillingar som skal utvikle og drive arbeidet blant barn og ungdom på Lye forsamlingshus. Det er nettopp til dette formålet gåvene er gitt.

## **Forslag til vedtak**

Årsmøtet vedtar Lye forsamlingsstyre sitt forslag om å fordele midla og avslutte Lye forsamlingsstyret sine konti. Midla skal øymerkast barne- og ungdomsarbeid. Kvar gjevar kan få uttala seg om fordeling. Dei midla som ikkje blir fordelt/svara for innan 1. april 2019, blir øyremerka barne- og ungdomsarbeidet på Lye ved Lye distriktsutval, Time sokneråd.